

Naustdal, den 11.desember 2019

Til fylkesordfører Jon Askeland

Grunngjeve spørsmål i Vestland fylkesting 17.-18.desember 2019

### **Kva gjer fylkeskommunen for å hindre sosial dumping?**

I «Politisk plattform for samarbeid mellom partia Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, Kristeleg Folkeparti, SV - Sosialistisk Venstreparti, Arbeidarpartiet og Venstre, i Vestland fylkesting. Perioden 2019-2023» heiter det: «Fylkeskommunen skal bruka si innkjøps- og eigarmakt i klimapolitikken og i arbeidslivspolitikken til å nå klimamåla, hindra sosial dumping, stilla krav til tariffavtalar og inkludera fleire i arbeidslivet.»

Med tilvising til oppslag i Bergensavisen den 4.12. i år der Heismontøranes Fagforeining har mistankar om sosial dumping på byggeplassen til Åsane vgs, vil eg gjerne vite kva fylkeskommunen gjer for å sikre at det ikkje skjer sosial dumping på eigne byggeprosjekt?

Vidare vil eg vite om kva fylkesordføraren meiner om at fagforeiningar vert nekta adgang til byggeplassen for å spørje dei tilsette om arbeids- og lønnsforhold? Er ikkje medverknaden frå fagforeiningar viktige for nettopp å hindra sosial dumping, slik det heiter i den politiske samarbeidsplattforma?

Åsmund Berthelsen

Fylkestingsmedlem for SV